



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinkalling

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR

Møtested: Teams, Teams

Dato: 19.12.2023

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
AU 30/23	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 31/23	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 32/23	Søknad om dispensasjon til utviding av uthus og fasadeendring av turisthytte på Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernombord, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening		2023/11717
AU 33/23	SVR landskapsvernombord - søknad om å arrangere turrenn Skoræ Rundt på Ljosland - Åseral kommune - Ljosland Skisenter AS		2023/10590
AU 34/23	Søknad om bruk av snøscooter i samband med øvingsverksemd. Fjellredningsgruppene i Åseral, Valle og Bykle.		2023/8981
AU 35/23	Vurdering av om klage på vedtak i styresak 45/2023 skal gis oppsetjande verknad		2023/439
AU 36/23	Budsjett for verneområdestyret 2024		2023/11700
AU 37/23	Innmelding av behov for tiltaksmidlar og bestilling av oppdrag frå SNO for 2024		2023/10785
AU 38/23	Eventuelt		

**AU 30/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 31/23 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med
styreleiar**



Arkivsaksnummer: 2023/11717

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 13.12.2023

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	32/23	19.12.2023

Ny handsaming - Søknad om dispensasjon til utviding og fasadeendring av uthus, fasadeendring av hovudhytte og helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening

Forvaltar si innstilling

Stavanger turistforening får dispensasjon til utviding og fasadeendring av eksisterande uthus til turisthytta Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde. Uthuset kan utvidast med eit areal på inntil 9 m² (BYA) slik at uthuset får eit samla areal på inntil 42 m² (BYA). Arbeidsutvalet vil understreke at dispensasjonen til utviding av uthuset gjeld utviding av lagringsplassen for ved, gass og søppel, og ikkje ei auke av overnattingskapasiteten i sikringsdelen. Når overnattingskapasiteten ikkje skal aukast vurderer AU at ei auke i arealet på 9 m² (BYA) vil være nok til å dekke behovet for auka lagringsplass.

Stavanger turistforeining får såleis avslag på sin søknad om ei auke av arealet på uthuset med ytterlegare 10 (BYA) opp til eit samla areal på inntil 52 m² (BYA).

Både vedtak om avslag og dispensasjon er fatta etter §48 i naturmangfaldslova.

Fasadeendringa av uthuset kan omfatte innsetting av 4 nye vindauge på langveggen mot vest og eit nytt vindauge på kortveggen mot vest, med mål og plassering som vist på fasadeteikningane som er gjengjeve i saksutgreiinga.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsnyt byggeløyve frå Hjelmeland kommune
- Bygningen må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane med omsyn til utforming og overflatebehandling, og må skje i tråd med byggeteikningane i søknaden
- Byggearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane
- Alt av bygningsavfall og materialar som er impregnerte eller overflatebehandla skal transporterast ut av verneområdet

- Dispensasjonen gjeld fram til 19.12.2026
- På grunn av at det blir gitt dispensasjon til ei mindre utviding av uthuset enn det det er søkt om, må nye byggeteikningar sendast inn til forvaltningssekretariatet for godkjenning før byggearbeida kan ta til

Dispensasjonen blir grunngjeve med at ei mindre utviding av ein eksisterande bygning ikkje vil ha ein alt for stor nemneverdig negativ innverknad landskapets art og karakter. Uthuset vil framleis være klart mindre enn hovudhytta og innverknaden på landskapet vil være avgrensa. I vurderinga blir det og lagt vekt på at auka lagringskapasitet vil medføre at helikoptertransportar av ved, gass og søppel nå vil skje kvart andre eller tredje år i staden for kvart år. Det leggast og vekt på at utvidinga av uthuset ikkje medfører auka overnattingskapasitet, og såleis ikkje vil bidra til auka forstyrring av villreinstamma i område. Fasadeendringane det er søkt om blir heller ikkje vurdert til å ein nemneverdig negativ innverknad på verneverdiene.

Avslaget på søknaden om ytterlegare utviding av uthuset blir grunngjeve med at ei uthus på over 50 m² (BYA) er ein stor bygning som vil visast godt att i det opne landskapet på Melands-Grønahei. Ved ein dispensasjon ville ein fått to bygningar på staden med ei grunnflate over 50 m² på staden.

Avslaget blir og grunngjeve med at ein ikkje ønskjer auka overnattingskapasitet på turisthytta, nå som villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde nå visar tydeleg teikn på å ta opp att bruken av beiteområda i Vormedalsheia.

I medhald av §48 i naturmangfaldslova får Stavanger turistforening dispensasjon til fasadeendring av eksisterande turisthytte Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Fasadeendringa inneberer at dei fire vindauge på hemsen på kortveggen mot vest, blir skifta ut med større vindauge som skal ha mål og plassering som vist på fasadeteikningane som er gjengjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket blir grunngjeve med at fasadeendringane ikkje vi ha negativ innverknad på verneverdiar og verneføremål, samstundes som dei vil bidra til tryggare rømningsvegar.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsnyt byggeløyve frå Hjelmeland kommune
- Bygningen må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane med omsyn til utforming og overflatebehandling, og må skje i tråd med byggeteikningane i søknaden
- Byggearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane
- Alt av bygningsavfall og materialar som er impregnerte eller overflatebehandla skal transporterast ut av verneområdet
- Dispensasjonen gjeld fram til 19.12.2026

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 3 og kapittel VI, punkt 1. i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde får Stavanger turistforening dispensasjon til å nytte helikopter til transport av bygningsmaterialar og utstyr i samband med byggearbeid på turisthytta Melands-Grønahei. Dispensasjonen omfattar og transport av ved, proviant og driftsutstyr for tre års forbruk.

Dispensasjonen gjeld for inntil 30 transportar i tidsrommet 15.06-31.11.2024.

Dispensasjonen gjeld for vanleg flygerute frå Kleivaland slik det går fram av kartet i vedtaket.

Kart over landingspunkt og flygerute



Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Flyginga mellom landingspunktene skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunktene
- Om det blir observert villrein nær landingspunktene skal transportane avventast til faren for forstyrring er over

Saksopplysninger

AU skal i denne saken ta stilling til om Stavanger turistforeining skal få utvide uthuset ved turisthytta Melands-Grønahei, og om utvidinga eventuelt skal bety ei mindre auke i overnattingskapasiteten. Saka vart utsett av AU i møte 02.05.2022 i påvente av ein gjennomgang av samla belasting på verneområda.

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå Stavanger turistforening v/ Lyngstad Bygg, dagsett 09.03.2022, som vart sendt SVR frå Hjelmeland kommune 08.04.2022. Viser og til utfyllande opplysningar på e-post frå 22.04.2022.

Stavanger turistforening søker om tre ulike tiltak for turisthytta Melands-Grønahei.

1. Utviding og fasadeendring av uthus
2. Fasadeendring på hovudhytta
3. Helikoptertransport av utstyr og bygningsmaterialar

Søknaden vart handsama av AU i møte 02.05.2022 (AU-sak 25/22). Her valde AU og utsette saka og fatta dette vedtaket:

«Saka vert utsett til verneområdestyret har hatt ein gjennomgang av samla belastning for verneområda. Arbeidsutvalet ønskjer ei vurdering av om det skal tillatast å auke overnattingskapasiteten på turisthytta slik det er beskrive i søknaden.»

Av saksframlegget i AU-sak 25/22 står det at gjennomgangen av samla belastning vil være gjennomført i løpet av hausten 2022. På grunn av bemanningssituasjonen i forvalningssekretariatet har denne gjennomgangen ennå ikkje blitt gjort, og det er usikkert når den kan gjennomførast. Verneområdestyret opna derfor i møte 14.11.2023 for at søknaden kunne realitetsbehandlast av AU før jul i 2023.

Når det gjeld samla belastning knytt til byggetiltak fører forvalningssekretariatet oversikt over alle nye byggetiltak det blir gitt dispensasjon til. Etter at den nye forvaltningsordninga vart oppretta i 2011 har det blitt gitt dispensasjon til 110 store og små byggetiltak med ei netto ny bygningsmasse på 1771 m². Av desse utgjer byggetiltak i regi av turistforeiningane 346 m² eller 20%

Melands-Grønahei slik den ser ut i dag. Uthuset ligg i høgre biletkant.




Oversiktskart over Vormedalsheia landskapsvernområde




Utviding og fasadeendring av uthus

Eksisterande uthus har eit areal på 33m² (BYA) og inneholder ein sikringsdel med ei seng og omn, toalettdel og lager for ved, gass og søppel. Det søkast om ei utviding på 19m² (BYA). Behovet for utviding grunngjenvært med at lagringskapasiteten for ved, gass og søppel er for liten. Dette medfører at sikringsdelen blir fylt opp med lagervarer og at det må gjennomførast helikoptertransportar kvart år. Etter ei utviding vil det berre være behov for helikoptertransport kvart andre eller tredje år, og sikringsdelen vil fungere betre. Sikringsdelen vil og kunne utvidast frå ei til to senger. Dette vil betre uthuset sin funksjon som sikringshytte ved brann eller når hovudhytta er nedsnødd. Sikringsdelen i uthuset vil og få funksjon som hunderom.

Snitt og planteikning for uthuset etter utvidinga. Nytt bygningsareal er til venstre på snitteikninga og nedst på planteikninga.








Eksisterande nordvegg har eit lite vindauge $0.5 \times 0.6\text{m}$. Det søkast nå om å få sette inn fire nye tilsvarende vindauge og å få betre lystilhøve inne i uthuset. Eksisterande vestvegg har ikkje vindauge. Det søkast nå om å få sette inn eit mellomstort vindauge på $0.8 \times 1.1\text{m}$. Dette grunngjenvast med behovet for rømmingsveg frå sikringsdelen og betre lystilhøve inne.

Eksisterande og ny fasade på nordvegg







Eksisterande og ny fasade på vestvegg



Fasadeendring av vestvegg på hovedhytta

I dag har vestveggen på hovudhytta to mellomstore vindauge i hovedetasjen og fire små vindauge (0.6x0.5m) på hemsen. Det søker om å erstatte dei fire små vindauge på hemsen med fire mellomstore på 0.8x1.1m. Dette grunngjenvast med behovet for betre rømmingsveg frå hemsen.



Helikoptertransport av bygningsmaterialar

Det søker om nødvendig helikoptertransport av bygningsmaterialar for å kunne gjennomføre byggetiltaka, samt transport av ved, proviant og driftsutstyr for tre års forbruk. Det søker om inntil 5 helikoptertransportar i samband med grunnarbeid hausten 2022 og inntil 30 helikoptertransportar til sjølve byggearbeida sommaren 2023.

Flygeruta mellom Kleivaland og Melands-Grønahei er å om lag 8km og 6km går over Vormedalsheia landskapsvernområde.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde av 19.04.1991.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Vormedalsheia vart verna ved Kongeleg Resolusjon av 19. april 1991.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i verneføreskriftene å ta vare på eit særmerkt og vakkert landskap som gjev eit godt tverrsnitt av Ryfylkenaturen frå fjord til høgfjell, og som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement.

Byggetiltak i verneområdet blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1. Her heiter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentlig kan endra eller innverke på landskapets karakter, og "oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningar" er særskilt nemnt. Vidare heitar det i kapittel VI, punkt 2 at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til "Dyrking, oppføring av bygningar til bruk i landbruksdrifta, treslagsskifte, skogreising eller anna skogsdrift ut over det som er tillatt etter pkt. V 3".

Etter forvalningsstyresmakta si vurdering vil ikkje byggetiltaka det er søkt om kunne reknast som landbruksdrift, og kjem etter vårt syn derfor ikkje inn under kapittel IV, punkt 1 i verneføreskrifta. Byggetiltaka krev derfor dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova for å kunne gjennomførast.

I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiene nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

"Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak".

I rundskrivet heter det vidare at: "*I vurderinga av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en*

aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet”.

Turisthytter er omtala på side 29-30 i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Her går det fram at det kan gis dispensasjon til ombyggingar, mindre tilbygg og uthus dersom det er ikkje strir mot verneføremålet eller utgjer eit trugsmål mot verneverdiane, samt at det kan dokumenterast eit konkret behov for byggetiltaket.

Motorisert ferdsel i verneområde vert regulert av kapittel IV, punkt 3 i verneføreskriftene. Her heiter det at motorisert ferdsel i utmark og vassdrag, samt landing med luftfartøy er i utgangspunktet forbode. I kapittel VI, punkt 1. heter det vidare at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i utmark og vassdrag og landing med luftfartøy.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Vormedalsheia landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Den omsøkte byggeplassen på Melands-Grønahei ligg om lag 850 moh i eit ope og flatt fjellandskap. Vegetasjonen i område er dominert av gras og starrartar, og det er mykje fjell i dagen.

Denne delen av Vormedalsheia blir i avgrensa grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid, men bruken har vore aukande dei siste fem åra. Dette blir og stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei åtte simlene som har nytta sørrområdet har vore i nærliken av Melands-Grønahei den tida dei hadde sendar (2006-2019). Men nyare GPS-data frå www.dyreposisjoner.no har plott frå området. I tidsrommet 25.06-08.09.2023 haldt ein liten bukceflokk med ein GPS-merka bukk til i dei austre delane av Vormedalsheia. På det nærmeste var denne flokken 1 km frå turisthytta på Melands-Grønahei. Dei siste åra har det vore observert andre mindre flokkar med villrein i Vormedalsheia, mellom anna nær Melands-Grønahei. Dette har i hovudsak vore bukceflokkar, men den aukane frekvensen av obserasjonar kan tyde på at villreinstamma i Setesdal-Ryfylke er i ferd med å ta i bruk desse randområda i større grad. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekki i dette området. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvalningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om andre prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje

komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det registrert ein gamal ferdsselsveg mellom Kleivaland og Grasdalen som går om lag 30 m sør for byggeplassen. Vernestatusen til dette arkeologiske kulturminnet er uavklart, men kulturminne vil ikkje bli påverka av byggetiltaka.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvalningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det står ei turisthytte på 60 m² med 22 sengeplassar og eit uthus på 33m² på Melands-Grønahei. Det er ein del ferdslé i område om sommaren. Turisthytta har om lag 500 overnattingar i året og om lag 90% av trafikken skjer i barmarkssesongen. Det går og merka sommarløyper både mot aust og vest. Det er lite snøskutertrafikk i område utover varetransport til turisthytta, og det er ikkje gjeve andre helikopterløyper for 2023. Den samla belastning av økosystemet i området må derfor karakteriserast som liten.

Etter forvalningssekretariatet si vurdering vil utvidinga av uthuset frå 33 m² til 52 m² ha ein merkbar innverknad på verneverdiane knytt til landskapet. Dei to bygningane står eit stykke frå kvar andre (om lag 20 m) slik at ein auke i arealet på uthuset på 19 m² (BYA) vil medføre at ein får to store bygningars på staden. Landskapet på Melands-Grønahei er flatt og ope slik at bygningane blir godt synlege i landskapet. Fasadeendringane av uthuset og hovudhytta vil å ha ein svært avgrensa innverknad på verneverdiane. Når overnattingskapasiteten ikkje aukar vil ikkje utvidinga av uthuset medføre nemneverdig auka forstyrring av villreinen i området utover byggeperioden.

Byggematerialane vil måtte fraktast til staden med helikopter slik at blir ei auke av den motorisert ferdslé i området i samband med tiltaket. Helikoptertransportane vil likevel skje innanfor eit avgrensa tidsrom på 5 dagar sommaren 2024. Transportane vil da skje på eit tidspunkt da villreinen og anna dyreliv er mindre sårbare for forstyrring.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Slik forvalningsstyresmakta vurderer det er det dokumentert eit konkret behov for utvidinga av uthuset knytt til større lagringskapasitet for ved, propan og proviant. Det er positivt at ei slik utviding vil føre til mindre hyppige helikoptertransportar. Fasadeendringane blir i hovudsak gjennomført for å sikre betre rømmingsvegar ved brann.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Det kan opnast for ein mindre utviding av uthuset på Melands-Grønahei. Tiltaket har avgrensa i storleik, er knytt til eksisterande bygningars og medfører ikkje auka overnattingskapasitet. Dei blir derfor vurdert til å ikkje være i strid med verneføremålet eller ha ein nemneverdig negativ

innverknad på verneverdiane i Vormedalsheia landskapsvernombordet. Det kan derfor gis dispensasjon til tiltaket etter §48 i naturmangfaldslova, første ledd.

Ei større utviding av uthuset, med tilhøyrande auke i overnattingskapasiteten, blir vurdert til å ha stor negativ innverknad på verneverdiane slik at det ikke kan gis dispensasjon til tiltaket etter §48 i naturmangfaldslova, første ledd.



Arkivsaksnummer: 2023/10590

Saksbehandler:

Sara Kristiane Eide

Dato: 17.11.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	33/23	19.12.2023

SVR landskapsvernområde - søknad om å arrangere turrenn Skoræ Rundt på Ljosland - Åseral kommune - Ljosland Skisenter AS

Vedlegg:

- 1 Søknad - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral - arrangering av turrenn - Skoræ rundt 2024 - Ljosland Skisenter AS

Forvalters innstilling


Med hjemmel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* Kap. IV pkt. 4.1, får Ljosland skisenter tillatelse til å arrangere turrennet Skoræ rundt lørdag 2. mars 2024. Det settes et øvre tak på 60 deltagere.

Med hjemmel i naturmangfoldlovens § 48 får arrangør tillatelse til å nytte snøscooter til gjennomføring av arrangementet. Løyvet gjeld for:

- Bruk av to snøscootere i forkant av rennet for merking av løypa.
- Bruk av to snøscootere til Lakkenstova renndagen.
- Bruk av to snøscootere fra Røde Kors til sanitetsposter.
- En snøscooter til å samle opp diverse skilt og utstyr etter at rennet er slutt.

Vilkår

- Løyvet gjelder bare i traséene merket med rødt i kartet under, jfr. kart 1.
- Der flere snøscootere har samme endepunkt skal de kjøre i følge.
- Løyvet er bare gyldig sammen med løvye for maskinreparering av Skoræløypa.
- Om det på renndagen, eller de seneste tre dagene før, blir observert villrein, eller nye spor etter villrein, innen 400 meter fra løypen, skal arrangementet avlyses.



Kart 1: Kart over kjørertrasé og skiløype.

Begrunnelse

Arbeidsutvalget, på vegne av verneområdestyret, legger vekt på at turrennet går i en etablert løypetasé der det fra før er en god del ferdsel. Tilleggsbelastningen som følger av økt ferdsel og transport vil derfor være avgrenset og forbigående. Det kan derfor åpnes for en forsiktig økning av kapasiteten til arrangementet. Det forutsettes at arrangør har gode rutiner for oppfylling av vilkår i løyyet. Brudd på vilkår vil kunne få konsekvenser for senere søknader.

Grunnet nærheten til vinterbeiteområder for villrein er det ikke ønskelig med et særlig større omfang av turrennet enn det som har vært til nå. Som signalisert ved behandling av søknaden for 2023 settes derfor øvre tak deltagere til 60.

Annet lovverk

For omsøkte motorferdsel vil det i de fleste tilfeller være nødvendig med egen dispensasjon etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendes kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneier nekte motorferdsel på sin eiendom. Grunneiers tillatelse skal også hentes inn der dette er nødvendig.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Sakens bakgrunn

Ljosland skisenter AS v/Gunvor Ljosland har søkt om å arrangere turrennet «Skoræ rundt» lørdag 2. mars 2024. Rennet arrangeres sammen med Åseral idrettslag og frivillige hyttefolk. Start og målgang er ved Farevatn på Ljosland. Løypen er på 20 km. Det meste av løypen går i vernet område og i etablert skiløype. For gjennomføring av arrangementet er det ønskelig å nytte snøscooter til å frakte ut mannskap og utstyr til drikkestasjon og sanitetsposter, samt opprydding i etterkant.

Det har vært gitt løyve til tilsvarende arrangement i 2019, 2020 og 2023. Tidligere har det vært cirka 50 deltakere på rennet. For 2023 var det en målsetting å øke antall deltakere til 70-80, men rennet ble avlyst grunnet for få påmeldte. For 2024 søkes det igjen for 70 – 80 deltakere. I dispensasjon gitt for rennet 2023 signaliserte verneområdestyret at det ikke var ønskelig å øke antall deltakere fra dagens nivå (altså 50), og det ville kunne bli aktuelt å sette et øvre tak på arrangementet.

Søknad ligger som vedlegg 1 i saken. Under er løypetraserene tegnet inn, med vernegrensen (grønn linje nord/sør i kartet), jfr. kart 1. Det er gitt løyve for maskinpreparering av løyper for årene 2023 og 2024, jfr. vår ref. 23/2058.



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.
- Vedtak i verneområdestyret 05.11.2018, sak 32/18, om delegering av saker til forvaltningssekretariatet.

Hjemmelsgrunnlag

Verneformål

Formålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Verneforskrift og forvaltningsplan

Etter verneforskriftenes kap. IV pkt. 4.1 er det krav om at det for større idrettsarrangement må søkes om særskilt løyve til gjennomføring. Det er i tillegg søkt om å nytte snøscooter til å frakte ut mannskap og utstyr til drikkestasjon og sanitetsposter samt opprydding i etterkant.

I verneforskriften er det ingen særskilt dispensasjonsjimmel for slik transport. Denne delen av søknaden må derfor behandles etter naturmangfoldlovens § 48. Etter denne paragrafen kan det gis unntak fra vernebestemmelsene for tiltak som ikke strider mot vernes formål og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i NML §§ 8 til 12 legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må ved alle tiltak som omfatter naturmangfoldet, vurdere søknadene etter disse paragrafene.

NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget § 8

Kunnskapsgrunnlaget er hentet fra søknad og tidligere dispensasjon, lokalkunnskap, Naturbase, database for sensitive artsdata samt fra NINA sitt GPS-merkeprosjekt, artsobservasjoner, kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210), forvaltningsplan og etablert forvaltningspraksis.

Turrennet går i område som i naturbasen er merket av som vinterbeite for villrein. De siste tre årene har det vært observert villrein og/eller spor i nærheten av de vestlige delene av traséen, senest registrert i 2022. Normalt er dette mindre bukkflokker som har tilholdssted i disse områdene.

Når det gjelder andre arter er det innenfor vernegrensen ikke registrert informasjon om prioriterte arter, truede eller nært truede arter, jfr. «Norsk rødliste».

Kunnskapsgrunnlaget vurderes å være tilstrekkelig og det er ikke nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet*, jfr. NML § 9.

NML § 10 Økosystemtilnærming og samlet belastning

Fra Ljosland er det mye ferdsel ut fra de mange fritidshytte i området. Vinterstid er det mange som nyter de maskinpreparerte løypene rundt Skoræ og over Stikebosshei, samt i de kortere rundene nært hyttefeltet. På senvinteren er det en god del ferdsel utenfor etablerte løopenett.

DNT sør sin turisthytte, Lakkenstova, ligger langs aktuelle trase for turrenn. I 2021 var det 812 gjestedøgn på denne turisthytten. Hytten er også mye brukt for skoleklasser og andre grupper.

Motorisert ferdsel i området er i første rekke knyttet til preparering av skiløyper samt transport til enkelte driftshusvære. I tillegg har regulanter noe motorisert ferdsel i forbindelse med snømåling og tilsyn av kraftanlegg.

NML §§ 11 – 12 Kostnader ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver og Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Arrangør er ansvarlig for at turrennet blir gjennomført på en miljømessig god måte. Ved å følge vilkår satt i dispensasjonen, vurderes bruk av snøscooter til å være den mest miljøforsvarlige metode for omsøkte transport.

Gitt at arrangementet skal gå i et vinterbeiteområde, og i en sårbar tid på året for villreinen, er det ikke ønskelig med et særlig større omfang av turrennet enn det som har vært til nå. Det settes derfor et øvre tak på antall deltakere.

Vurdering etter naturmangfoldlovens (NML) § 48

Deler av søknaden omfatter bruk av snøscooter for utkjøring av mannskap og utstyr til drikkestasjoner og sanitetsposter, og må behandles etter NML § 48. For bruk av NML § 48, er det en forutsetning at tiltaket ikke strider mot vernets formål, samt at det ikke påvirker verneverdiene nevneverdig.

Da turrennet skal gjennomføres i et etablert løypenett, vil tilleggsbelastningen med bruk av snøscooter til diverse utkjøring være avgrenset. Det er også helt nødvendig med økt sikkerhet for deltakerne under slike renn. Omsøkte motorferdsel vurderes derfor ikke til å påvirke verneverdiene nevneverdig eller å være i strid mot verneformålet.

Konklusjon

Arbeidsutvalget, på vegne av verneområdestyret, legger vekt på at turrennet går i en etablert løypetasé der det fra før er en god del ferdsel. Tilleggsbelastningen som følger av økt ferdsel og transport vil derfor være avgrenset og forbigående. Det kan derfor åpnes for en forsiktig økning av kapasiteten til arrangementet. Det forutsettes at arrangør har gode rutiner for oppfylling av vilkår i løyvet. Brudd på vilkår vil kunne få konsekvenser for senere søknader.

Grunnet nærheten til vinterbeiteområder for villrein er det ikke ønskelig med et særlig større omfang av turrennet enn det som har vært til nå. Som signalisert ved behandling av søknaden for 2023 settes derfor øvre tak deltagere til 60.

Verneområdestyre for
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane
og Frafjordheiane
v/ Jørn Haug

SØKNAD

TURRENN «SKORÆ RUNDT»

Ljosland Skisenter i samarbeid med Åseral Idrettslag og frivillige «hyttefolk» ynskjer å arrangere turrennet «Skoræ rundt» for andre gong laurdag 2.mars. Grunna låg påmelding vart det ikkje noko av rennet i 2023. Me kom for seint ut med påmeldinga og søker derfor tidlegare i år. Store delar av løypetrasèen er innanfor verneområdet. Ynskjer i den samanheng løyve til å frakte inn utstyr og mannskap på tre postar langs løypa. Dette blir utdjupa lenger nede i søknaden. Fyrste gong var antalet deltakarar på 50 stk. Me har eit mål i år om rundt 70-80 deltakarar. I tillegg vil me også i år ha eit barneskirenn ved Farevatn når løpet foregår, men dette er utanfor verneområdet.

Rennet blir langs eksisterande løypetrasè med start/mål ved Farevatn. Den alternative ruta som er teikna inn ved Krokevatn er ynskjeleg å køyra med scooter dersom isforholda tillèt det. Då unngår ein dei «verste» opp- og nedover-bakkane, men det er kun deltakarar i turklassen som får høve til å gå denne. Det blir ein klasse over og ein under 17 år samt turklasse for begge kjønn.

Post 1 (6km): Lakkenstova. Drikkestasjon. Utstyr og folk til å betene deltakarar blir frakta inn renndagen. Det blir behov for to scooterar med slede. Den eine kører etter siste deltakar rundt Skoræ for å sikre at alle er komen til sanitetspost 2 og tek med seg det den har plass til av skilt. Den andre kører retur ut «sommarløypa» for å ta med evt. søppel og skilting/merking av løypa. Denne posten er bemanna av frivillige.

Post 2 og 3 : Sanitetspost (Røde Kors). Ein scooter med to mann til begge postane. Utstyr til desse skal ikkje inn før dagen rennet er. Sjå kart under.

Skoræ rundt ca 20 km (måles opp)



Behovet for motorisert ferdsel:

- To scooterar i forkant av rennet for merking av løypa.
- To scooterar til Lakkenstova renndagen.
- To scooterar frå Røde Kors til sanitetspostar.
- Ein scooter for å samle opp eventuelle skilt/utstyr som dei andre ikkje har fått plass til. Dersom denne turen kan unngås blir den det. Det kjem an på om dei andre som er utplassert på drikkestasjon og sanitetspost får med seg alt utstyret. Det kan bli trangt om plassen til alle skilta, men me skal gjere eit forsøk på å unngå denne turen.

Me har valt å ta med «Skoræ» som Åseral sin høgaste fjelltopp i navnet på rennet då rennet går rundt dette fjellet. Me vil også ha fokus på at store delar av løypa ligg i verna område og håpar at dette vil bidra til eit kvalitetsstempel på rennet. Ynskjer frå SVR vil sjølv sagt takast med i den vidare planlegginga. Me vonar på positiv attendemelding på søknaden.

Med venleg helsing

Gunvor Ljosland

Dagleg leiar

Ljosland Skisenter A/S

Tlf.97190325



Arkivsaksnummer: 2023/8981

Saksbehandlar:

Jørn Trygve Haug

Dato: 14.12.2023

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	34/23	19.12.2023

Søknad om bruk av snøscooter i samband med øvingsverksemd. Fjellredningsgruppene i Åseral, Valle og Bykle.

Vedlegg:

- 1 Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet - snøskuter - øvingsverksemd - Fjellredningsgruppene i Åseral og Setesdal
- 2 ØVINGSPLAN FOR ØVINGAR I VERNEOMRÅDET 2023-2027
- 3 Plan for øving i verneområde, Agder PD

Forvaltar si innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombordet* kap. 4 pkt. 5.3 bokstav a, *Forskrift om vern av Holmavassåno biotopvernombordet* kap. 6 pkt. 4, *Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernombordet* kap. 4 pkt. 3.1. og *Naturmangfaldslova* § 48, får Bykle og Hovden fjellredningsgruppe, Valle fjellredningsgruppe/Norsk Folkehjelp avd. Setesdal og Åseral fjellredningsgruppe, løyve til å nytte snøscooter for inntil to årlege kjentmannsturar kvar. Løyvet gjeld fram til og med vinteren 2027, eller fram til ny øvingsplan for Setesdal ligg føre om denne kjem før 2027.

Kjentmannsturane må gjennomførast seinast 30.4 kvart år. I områda Svarteløkfjellet og Vardsvatn – Kvisselvassknuten i Valle kommune må kjentmannsturane gjennomførast seinast 14.4 kvart år. I områda Svarvaren i Valle kommune og Vatnedalshei og Storenos i Bykle kommune må kjentmannsturane gjennomførast seinast 24. april kvart år. Fjellredningsgruppene må gjere seg kjend med avgrensinga av dei nemnde områda med ferdelsrestriksjonar.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Løyvet skal alltid vera med under køyring.
- Deltakarane skal köyre samla.
- Kjentmannsturane skal utsettast om det ligg føre observasjonar av villrein nær aktuelle köyrerute. Ved observasjon av villrein underveis skal köyringa tilpassast slik at det ikkje uroer villreinen.

Kjentmannsturane skal følgje turistforeininga sine vinterløyper med avstikkarar til private hytter i nærleiken av traseane. Den einskilde fjellredningsgruppe sitt ansvarsområde og tal snøscootere er teken inn nedanfor.

Som grunngjeving legg arbeidsutvalet vekt på at kjentmannsturane er forankra i øvingsplanen frå Agder Politidistrikt. Vidare har dei einskilde fjellredningsgruppene svært store ansvarsområde og tal årlege turar er avgrensa til maksimalt to. Kjentmannsturane går delvis gjennom viktige vinterbeiteområde for villrein. Det er avgjerande at fjellredningsgruppene tar særlege omsyn til dette ref. vilkår tredje prikkpunkt. Ved utarbeiding av ny øvingsplan for Setesdal som omfattar fleire friviljuge organisasjonar, må fordeling av tal turar, ansvarsområde og køyretrasear vurderast på nytt.

Ansvarsområde Bykle og Hovden fjellredningsgruppe, område nord og sør. Turistforeininga sine vinterløyper er merka med blå liner. Tillate med inntil 14 snøscootere:


Nord



Sør



Ansvarsområde Valle fjellredningsgruppe/Norsk Folkehjelp Setesdal. Turistforeininga sine vinterløyper er merka med blå liner. Tillate med inntil 12 snøscootere:



Ansvarsområde Åseral fjellredningsgruppe. Turistforeininga sine vinterløyper er merka med blå liner . Tillate med inntil 27 tal snøscootere. For Åseral fjellredningsgruppe kan i tillegg ein av kjentmannsturane gjennomførast på strekninga Ljosland – Vindhommen – Lordehytta – Øvre Vivatn - Knaberøysa som er ei mykje nytta ferdselsåra for skigåarar.



Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at det vert henta inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Agder politidistrikt har på vegne av dei tre fjellredningsgruppene (leitegruppene) i Setesdal og Åseral søkt om fornying av snøscooterløyvet til kjentmannsturar/øvingar i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord, Vidmyr naturreservat, Holmavassåno biotopvernområde og Dyraheio landskapsvernombord* (vedlegg 1). Søknaden tar utgangspunkt i *Agder politidistrikt sin plan for beredskap og øvingsverksemd i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord* frå 14.11.2011 og oppdatert øvingsplan i tråd med denne (vedlegg 2 og 3).

Søknaden gjeld for Bykle og Hovden fjellredningsgruppe, Valle fjellredningsgruppe og Åseral fjellredningsgruppe. Når det gjeld Valle fjellredningsgruppe er dei i ferd med å bli del av Norsk Folkehjelp Setesdal. I praksis dekker fjellredningsgruppene heile den austlege delen av Setesdal Ryfylke frå Hægebostad i sør til Bykle i nord.

Det vert søkt om inntil to årlege kjentmannsturar for kvar av dei tre fjellredningsgruppene. Det er lagt opp til at kjentmannsturane vert gjennomført like før vinterferien og påskeferien då det normalt er desse periodane det vert oppdrag.

Åseral fjellredningsgruppe skal også dekke kommunane Kvinesdal og Hægebostad innafor vernegrensa, då desse ikkje har eigen beredskap. Valle fjellredningsgruppe skal dekke delar av Bygland som pr. i dag ikkje har eigen beredskap.

For kvar kjentmannstur er det søkt om følgjande tal snøscootere, i dette er det inkludert deltaking frå SNO og politi med inntil 2 snøscootere kvar:

Bykle og Hovden fjellredningsgruppe; 14 snøscootere, Valle/Norsk Folkehjelp Setesdal; 12 snøscootere og Åseral; 27 snøscootere. I søknaden vert det streka under at dei i praksis ikkje vil nå maksimalt tal snøscootere då det ikkje vil passe for alle å vera med. Fleire år har dei heller ikkje vore gjennomført meir enn ein kjentmannstur pr. sesong.

Kjentmannsturane skal gå føre seg i turistforeininga sitt merka løpenett med avstikkarar til private hytter i nærleiken. I øvingsplanen er det vidare beskrive at det vil vera *naturleg å køyre alternative vegval fram og tilbake*. På fleire strekningar som er beskrive er det heller ikkje merka vinterløyper, til dømes sørover frå Ljosland i Åseral og mot Lordehytta – Knaben. Ut i frå dette vil det for alle tre fjellredningsgruppene i praksis vera lange strekningar som går utanfor turistforeininga sine merka vinterløyper.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord av 28.4.2000*
- *Forskrift om vern av Vidmyr naturreservat av 5.9.1986*
- *Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernombord av 26.9.1997*
- *Forskrift om vern av Holmavassåno Biotopvernområde av 26.9.1997*
- *Naturmangfaldslova*
- *Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane godkjend 2015*
- *Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og verneområder. Klima og Miljødepartementet 15.5.2020*

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombåde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernombåde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernombåde er regulert av verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kap. 4 pkt. 5.3.a må det søkast særskild om øvingskjøring i verneområdet.

Deler av kjøyretrase for Bykle og Hovden fjellredningsgruppe vil også gå innom *Vidmyr naturreservat, Holmavassåno biotopvernombåde* og *Dyraheio landskapsvernombåde*. I både Holmavassåno og Dyraheio er omsyn til villrein viktig del av verneføremålet. På Vidmyr er føremålet ivaretaking av store myrområde. For motorferdsel i Vidmyr må saka handsamast etter naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast unntak frå verneverdiket om tiltaket/aktiviteten ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. I Dyraheio lvo. må saka handsamast etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 3.1 der det går fram at det kan gjevast løye til motorferdsel i særskilde høve. I Holmavassåno bvo. kan det etter verneforskrifta kap. 6 pkt. 4 gjevast løye til motorferdsel på nærmere vilkår om det ikkje strir mot verneføremålet.

I Forvaltningsplan for SVR går det fram av forvaltningsmåla om motorferdsel på side 32 at: «*Motorferdsel i verneområda skal avgrensast til det som er strengt nødvendig, og haldast på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet, eller er til ulempe for andre brukargrupper*»

Vurdering

Det bør nemnast at beredskapen er organisert på litt ulikt vis i dei to politidistrikta. I Agder politidistrikt har det dei fire siste åra berre vore dei tre lokale fjellredningsgruppene som har drive kjentmannskjøring i verneområda. I Sør – Vest politidistrikt har eit større tal friviljuge organisasjonar vore involvert og med delvis overlappande geografisk ansvarsområde. Agder politidistrikt har signalisert at dei i løpet av 2024 håpar å få på plass øvingsplan som også gjeld for dei friviljuge organisasjonar i Åseral og Setesdal. I dette ligg det at det kan vera fleire organisasjonar som kjem til å söke om kjentmannsturar i åra som kjem, enn det som ligg til grunn for handsaming av søknaden no. Det er difor naturleg at det i vedtaket vert teken inn eit vilkår om at løvet gjeld for fire år, men uansett avgrensa til det ligg føre ny øvingsplan.

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt og databasen www.artsobservasjoner.no

Frå Bygland og nordover går køyrerutene innom trekkområde og kalvingsområde for villrein. Dei ligg også i vinterbeiteområde som er definert med sporadisk til ofte bruk av villrein. Dei særleg nytta vinterbeitene ligg i Valleheiane og i områda vest og nord for Hovden i Bykle. I Valle går køyreruta innom trekksonene Svarteløkfjellet og Varsdvatn- Kvislevassknuten der det er ferdselsforbod i perioden 15.4 – 20.5. Den går også innom områda Svarvaren, Vatnedalshei og Storenos der det er ferdselsrestriksjonar i perioden 25.4 – 31.5 grunna kalvingsområde for villrein.

For køyring i vintermerka løyper vil det vera liten konflikt i høve til hekkelokalitetar for raudlista rovfugl. Der rutene fråviker desse løypene er det vanskeleg å vurder så lenge det ikkje er kartfesta trase. Konflikten her vurderast likevel til å vera liten då det gjeld ei kort forbigåande forstyrring avgrensa til maksimalt to turar pr. sesong.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML)

Med unntak av Vidmyr naturreservat er alle dei aktuelle verneområda prega av større tekniske inngrep knytt til vassdragsreguleringa med tilhøyrande vegnett og straumliner. Stadvis er det mykje ferdsel frå februar månad og ut sesongen, særleg frå dei store hytteområda Ljosland, Bortlid, Brokke, Hovden og Ådneram. Mykje av denne ferdsla følgjer merka løyper, men særleg på seinvinteren er det ein god del ferdsel utanfor løopenettet.

Grunna eigedomsstruktur og trong for tilsyn og drift av vasskraftanlegga er det ein god motorferdsel i desse områda gjennom vinteren. Drift av turistforeininga og Statskog sine hytter bidreg også monaleg til omfanget av motorisert transport. I kommunane Kvinesdal, Åseral og Bykle vert det også maskinpreparert skiløyper innafor vernegrensa.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Innehavar av løyet er sjølv ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Det vert sett vilkår om at deltakarane skal køre samla og at det i forkant av kjentmannsturen vert henta inn opplysingar om det er villrein i områda dei skal køre. Vert det observert villrein undervegs skal det leggast stor vekt på ikkje å uroe dei.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Køyring i Vidmyr naturreservat må handsamast etter denne paragrafen. Køyringa skal skje på snødekt mark og der ruta følgjer trase der det er merka og maskinpreparert skiløype. Tilleggsbelastninga frå kjentmannsturane vil såleis vera minimal og ikkje gå ut over verneføremålet eller verneverdiane.

Andre vurderingar

Dei lokale fjellredningsgruppene utgjer ein svært viktig del av beredskapen i vinterfjellet. Ut i frå dei store areala dei skal dekke synast også tal turar og snøscootere det er søkt om å vera rimeleg. Samstundes går nokre av køyrerutene i viktige vinterbeiteområde for villrein, og der køyring skal skje i ei sårbar tid på seinvinteren. For å ivareta verneomsyn, særleg i høve til villrein og hekkelokalitetar for rovfugl, kunne søknaden og øvingsplanen med fordel vore tydlegare på kor køyringa skal skje. I søknaden vert det synt til merka vinterløyper, men i beskrivinga går det fram at det i praksis vil vera store avvik frå løypenettet.

I retningslinene frå Klima- og miljødepartementet dagsett 15.5.2020 er det eit krav at områda det skal køyrast i skal beskrivast i øvingsplanen. Vidare at køyring skal skje i førehandsfastsette trasear *i den grad det er mogleg*. I saka er det naturleg å sjå til praksisen verneområdestyret har lagt seg på for kjentmannsturar i Sør-Vest politidistrikt og øvingsplanen der. Vesentleg her har vore at kjentmannsturane skal følgje merka vinterløyper og med avstikkarar til private hytter i nærleiken av traseane. I nokre høve har det vore tillate å legge ruta til mykje nytta turmål sjølv om dei ligg utanfor dei merka vinterløypene.

Konklusjon

Det vert innvilga inntil to årlege kjentmannsturar for kvar av dei tre leitegruppene. Det vert sett vilkår gjennomføring av turane.



Forvaltningssekretariatet Setesdal
Vesthei/Ryfylkeheiane Verneområde
Setesdalsvegen 3273
4748 RYSSTAD

Dykkar referanse:

Vår referanse:

23/200143 - 1

Stad, dato:

Kristiansand, 27.09.2023

Søknad om løyve til bruk av snøskuter i samband med øvingsverksemd Fjellredningsgruppene i Åseral og Setesdal

Bakgrunn

Agder politidistrikt er ansvarleg for polititenesta, herunder redningstenesta i Setesdalskommunane og Åseral. For å sikre ein betra beredskap har politiet i samarbeid med dei aktuelle kommunane etablert 3 fjellredningsgrupper i distriket: Bykle og Hovden fjellredningsgruppe, Valle fjellredningsgruppe og Åseral fjellredningsgruppe. Tanken bak dette er å sikre tilgang på eigna personell i samband med redningsoperasjonar i fjellet, og gje personellet opplæring og trening for å sikre best mogleg løysing av oppdraget, også ivareta eigen og andre sin tryggleik.

Fjellredningsgruppene får opplæring innanfor fyrstehjelp, kart/kompass/gps, skredsøk, vurdering av skredfare osv. Mannskapa er friviljuge, og trening/opplæring skjer på deira fritid etter eit opplegg leiarane i gruppa utarbeider. Gruppa i Bykle/Hovden er underlagt Setesdal brannvesen for å sikre best mogleg kvalitet på opplæring og HMS-arbeid.

Eit element i opplæringa av gruppene er at dei gjennomfører kjentmannsturar i dei områda som er mest aktuelle med tanke på redningsteneste. Føremålet her er å gjere seg kjent i områda, særleg med tanke på hytter (private/komersielle) som kan bli nødvendig å avsøke. I tillegg er det nødvendig å gjere seg kjent med dei aktuelle snøforholda i heia før ein eventuelt skal inn og utføre redningsteneste i dårleg ver.

Erfaringa har vist at dei mest aktuelle områda er knytt til Den Norske Turistforrenings sitt løpenett i Setesdal Vesthei, det er her vi dei siste åra har hatt flest redningsoperasjonar. Det er derfor sterkt ønskjeleg at fjellredningsgruppene innanfor sine kommunar får høve til å øve og gjere seg kjente med tilhøva i dei mest aktuelle områda.

Ein viser for til Agder politidistrikt sin plan for beredskap og øvingsverksemd i Setesdal Vesthei/Ryfylkeheiane landskapsvernområde datert 14.11.2011, som enno er gjeldande. Politidistriket arbeider som kjent med ny plan, men vi vel likevel å søke no etter den gamle planen. For desse gruppene vil innhaldet i den nye planen bli likt som det som går fram av denne søknaden.

Politiet søker difor på vegne av dei 3 nemnde fjellredningsgruppene om løyve til motorferdsle i verneområdet i Setesdal Vesthei for å gjennomføre naudsynte øvingar. Vi meiner det er optimalt at kvar gruppe gjennomfører ei øving like før vinterferien og ei øving like før påske, som erfaringmessig er periodar der redningsteneste blir brukt.

Gruppa på Hovden/Bykle består av 10 personar, gruppa i Valle er på 8 personar og gruppa i Åseral er 23 personar, fordelt på 3 lag: Ljosland(8), Bortelid(8) og Kyrkjebrygd(7). Både i øvingsverksem og i redningsoperasjonar kan i tillegg mannskap frå politiet og Statens Naturopsyn samarbeide direkte med desse gruppene.

Det er då naturleg at fjellredningsgruppa i Åseral vil dekke areal i verneområdet som tilhører Hægebostad kommune og Kvinesdal kommune, sidan desse ikkje har eigen beredskap og heller ikkje ser trøng til det. På same måte vil det vere naturleg at Valle fjellredningsgruppe vil dekke delar av Bygland kommune som pr. i dag ikkje har eigen beredskap på området.

Søknad

I medhald av vedlagt øvingsplan søker vi om inntil 2 kjentmannsturar/øvingar i Setesdal Vesthei for kvar gruppe kvart år, med tillegg av 1-2 representantar frå politiet og/eller 1-2 representantar frå Statens naturopsyn om dette passar for desse etatane. Med andre ord søker det om inntil 27 skuterar i Åseralsheiane, inntil 12 skuterar i Valle/Hylestadheiane og inntil 14 skuterar i Bykle/Hovden heiane ved kvart høve, i alt 6 løyve fordelt på Åseral kommune, Valle kommune og Bykle kommune pr. år.

Vi forstår det slik at det kan gjevest løyve for ein periode for inntil 4 år av gongen, og søker derfor for løyve dei neste 4 åra.

Øvingane vil i hovudsak finne stad etter løypenettet til Den Norske Turistforeining, men med avstikkarar til aktuelle private hytter i nærlieken av løypene.

Ein ser det ikkje som naturlig å samvøye desse gruppene når det gjeld akkurat kjentmannsturar, på andre område blir dette gjort, t.d. når det gjeld snøskredøving – men då utanfor verneområdet..

Med helsing

Dag Hovden

Politioverbetjent

Dokumentet er elektronisk godkjent utan signatur.

Vedlegg:

ØVINGSPPLAN FOR ØVINGAR I VERNEOMRÅDET 2023-2027
Plan for øving i verneområde, Agder PD

Kopi:

Bykle og Hovden
Fjellredningsgruppe
v/Torvald Gautland
Setesdal brannvesen
Valle Fjellredningsgruppe
v/Bjørgulf Bjørnarå
Vidar Arnesen
Åseral leitegruppe v/Kjell
Ljosland

ØVINGSPLAN FOR ØVINGAR I VERNEOMRÅDET, SETESDAL VESTHEI

BYKLE OG HOVDEN FJELLREDNINGSGRUPPE

VALLE FJELLREDNINGSGRUPPE

ÅSERAL FJELLREDNINGSGRUPPE

Fjellredningsgruppene i Agder Politidistrikt er relativt likt organiserte, har tilnærma samme formål og arbeidsmetodar, og blir brukt på tilnærma samme måte av Politiet i samband med redningsaksjonar. Det som skiller dei er ulike geografiske aksjonsområde, sjøl om aksjonsområda har store likskapar ved at det i stor grad er snakk om høgfjellsområde der storparten av ferdsla og oppdragene er knytte til DNT sitt løpenett og område som ligg i nærleiken av dette. Vi finn det difor naturlig å lage ein felles øvingsplan for desse 3 fjellredningsgruppene, sjøl om dei ikkje driv samøving.

Det meste av øving gruppene har skjer i område utanfor verneområdet, slik som snøskredøvingar. I verneområdet er det kjentmannskøyring som er relevant.

Innhald i øvingane

Formålet med øvingane er å gjere seg kjent i aktuelt aksjonsområde, både med tanke på topografi, ferdelsruter, tilkomst til aktuelle hytter, alternative ruter osb, men også med tanke på aktuelle og gjeldande snøtilhøve. Ein gjer også tryggleiksvurderingar når det gjeld dei merka løypene både med tanke på snøskred, trygg is på vatn, tilstrekkeleg merking m.v. Eit anna moment er planlegging av mest mogleg effektiv organisering av søk i det aktuelle området, kartlegging av observasjonspunkt og sambandsdekning m.v.

Tal på årlege kjentmannsturar

Normalt er målet å gjennomføre ei øving for kvar fjellredningsgruppe i året inne i verneområdet. Men ein søker om inntil to øvingar i året, primært for å kunne gjennomføre ny tur dersom ein trur tilhøva i øvingsområdet kan vere vesentleg endre grunna endra snøtilhøve mm. Erfaringa frå dei siste åra er at ein ikkje klarer å gjennomføre meir enn ei øving pr. kommune.

Tidspunkt

Normalt ønskjer ein å gjennomføre ei øving før vinterferien, gjerne så tett opp til ferien som mogleg. Då har normalt DNT stikka løypene slik at ein kan sjå korleis løypa ligg det aktuelle året, og korleis tryggleiken i løypa er. Dersom ein finn det naudsynt kan det også bli aktuelt å gjennomføre ei ny øving nær opp til påske for å vurdere tilhøva då, både når det gjeld snøtilhøve og ferdslle på vassdrag. Vi søker altså om inntil to kjentmannsturar i året pr. fjellredningsgruppe/kommune. Naturlig nok kan ein ikkje tidfeste øvingane meir nøyaktig enn dette, då vertihøve er avgjerande. Det er også naudsynt å vere fleksibel for å kunne tilpassa det til kva som passer for mannskapa, som deltek på øvingane på si fritid.

Forventa tal på snøskuterar

Det er eit fast tal på medlemmer i fjellredningsgruppene, og alle disponerer eigen snøskuter, noko som er ein føresetnad for å kunne vere med i gruppa sidan fjellredning på vinteren er eit sentralt føremål med gruppa. Sidan også mannskap frå Statens Naturoppsyn utgjer ein ressurs i fjellredningstenesta, og av og til blir brukte i redningsaksjonar parallelt med fjellredningsgruppene, ønskjer ein å invitere med mannskap frå SNO på øvingane. Det same gjeld Politiet, som leier alle redningsaksjonar og er ein sentral samarbeidspartner til fjellredningsgruppene. Tenestemennene frå Politiet har også eit sjølvstendig behov for å gjere sek kjent i aktuelt aksjonsområde for å ha ei felles forståing med fjellredningsgruppene for korleis tilhøva er. Vi søker difor om inntil 2 snøskuterar/personar frå Politi og inntil 2 snøskuterar frå SNO i tillegg til mannskapa i fjellredningsgruppa. Vi understrekar at vi som regel ikkje får med oss alle mannskapa frå gruppa, og det ikkje alltid er mogleg for Politi og SNO å delta, slik at ein aldri vil nå "maks talet" på snøskuterar som det søker om. Vi søker om:

Bykle og Hovden: 10 mannskap + 2 SNO + 2 Politi = **inntil 14** snøskuterar

Valle: 8 mannskap + 2 SNO + 2 Politi = **inntil 12** snøskuterar

Åseral: 23 mannskap + 2 SNO + 2 Politi = **inntil 27** snøskuterar

Vurdering av øvingsområdet og øving opp mot verneverdiar

Det er gjort grundige vurderinger rundt dette i Agder Politidistrikt sin plan for beredskap og øvingsverksemd i Setesdal Vesthei/Ryfylkeheiane landskapsvernsmønster datert 14.11.2011. Vi kan ikkje sjå at det har oppstått endringar som gjer det naudsynt å revidere denne.

Før øvingane vil fjellredningsgruppene ha dialog med Politi og SNO, SNO gjev alltid råd om kvar og korleis bør ferdast for å ta omsyn til reinsdyra. Vi kører også samla, enten alle i ei gruppe eller oppdelt i større grupper for å avgrense området som blir påverka av øvinga. Vi prøver også i vise "spordisiplin" ved å køyre i same spor, slik at avtrykket etter øvinga blir minst mogleg. I samband med øvingane blir det også avtalt korleis ein skal opptre dersom ein kjem uforvarande i nærleiken av reinsdyr. (ikkje stoppe, rolig "bøye av") for å uroe dei minst mogleg.

Kart over øvingsområde

På dei følgjande sidene er kartskisser over aktuelle øvingsområde. Sidan øvingane foregår på snø og etter merka løyper, er ein ikkje bunden til sommarstiar og vegar. I og med at ein tar seg raskt fram med snøskuter og skal dekke store område, er det heller ikkje mogleg å avgrense aktuelt område i detalj.



Bykle og Hovden fjellredningsgruppe: Utgangspunktet er løpenettet Hovden-Sloaros-Holmevassbu og eventuelt eit stykke i retning Bleskjestadmoen og Haukeliseter. Der løpa går i nærleiken av private hytter er det naturlig å gjere seg kjent med desse. Det vil også vere naturlig å køyre ei alternativ rute tilbake til utgangspunktet, både for ut gjere seg kjent i eit større område, og for å gjere seg kjent med alternative ferdsesruter.



Bykle og Hovden Fjellredningsgruppe: Dette er eit område ein har hatt få redningsoppdrag, og det er ikkje mykje ferdslle her. Ein har hatt oppdrag langt vest i området Vassdalstjønn-Storsteinen. Ofte har desse oppdraga blitt løyste frå vest, men ut frå vertilhøva kan det også vere aktuelt å ta seg inn frå Bykle. Det vil då vere naturlig å køyre inn Støyledalen og opp mot Urevatn før ein dreier mot Vassdalstjønn. Dette er eit område ikkje mange er kjende i, heller ikkje medlemmene i Fjellredningsgruppa. Vi er også usikre på om vi vil prioritere å øve i dette området sidan det har vore lite oppdrag her. Men vi har sett ein tendens til fleire oppdrag og auka ferdslle her, bl.a. frå personar som går "Norge på langs". Vi ønskjer difor å kunne øve her dersom situasjonen skulle tilseie det dei neste 4 åra.



Valle Fjellredningsgruppe: Her er aktuelt område knytt til aksen Berg-Stavskar-Bossbu-(evt Kringlevatn)-Svartenut-Øyuvsbu/Håheller-Gaukhei-Tjønndalen (Evt Pytten/Josephsbu). Også her vil det være naturlig å köyre alternative ruter på retur og/eller ned til dalen, samt å gjere seg kjent med private hytter i nærleiken av aksnen.



Åseral Fjellredningsgruppe: Også her er løpenettet, bl.a. DNT sitt utgangspunktet. Dette går fra Ljosland/Bortelid til Trogvassbu – Gaukhei - Øyulvsbu, Pytten – Josefssbu – Kvinen – Gaukhei, Lakkenstova – Kvinen – Nesjen – Knaben – Lordehytta – Vedvassdalen – Tinnefjell.

Her vil det også vera naturleg å køyre alternative vegval fram og tilbake.



POLITIET

POLITIMESTEREN

Forvalningssekretariatet
Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane
Postboks 4

4747 VALLE

Deres referanse

Vår referanse
201101979-2/681

Dato
14.12.2011

PLAN FOR ØVINGSVERKSEMD/VURDERING AV BEREDSKAPSBEHOV I SETESDAL VESTHEI/AGDER POLITIDISTRIKT

Innledning

Ein viser til brev av 10. November 2011 frå Forvalningssekretariatet. I samråd med Setesdal driftseining, som i hovudsak er den delen av Agder politidistrikt som dekker Setesdal Vesthei/Ryfylkeheiane i Agderfylka, har politidistriktet gjort vurderingar i samsvær med det ein har bede om.

Som kjent er det politiet som leiar redningstenesta på land i Noreg. Ei vesentlig forutsetning for at redningstenesta på land skal fungere, er samarbeidet med dei friviljuge organisasjonane.

Også i verneområdet kan redningstenesta utøvast utan hinder av føresegne i verneforskrifta. Imidlertid set verneforskrifta avgrensingar når det gjeld øvingsverksemd i verneområdet, og da særleg knytt til motorferdsel i utmark.

Beredskapen i Setesdal i dag

For å ivareta ein forsvarlig beredskap med kvalifisert personell er det viktig for politiet at mannskap som inngår i beredskapen i dei ulike områda får gjennomføte trening og vurdere behov for sikringstiltak m.v, herunder at dei får gjort seg kjent i dei mest aktuelle områda, også opp mot sesongmessige svingingar i snøforhold osv.

Det er jo aldri slik at ein får ”for god” beredskap i fjellet, men politidistriktet er innforstått med at øvingsverksemda må sjåast i samanheng med verneforskrifta og formålet med denne. Det er derfor naturlig at ein når det gjeld verneområdet set heilskapelig på behovet for øvingsverksemd og beredskap.

Erfaringsmessig er det slik at dei fleste redningsaksjonar i fjellet skjer i samband med løypenet til Den Norske Turistforening, og då i stort grad i Setesdal Vesthei. Det er derfor viktig å ha ein beredskap retta mot desse områda.

Agder politidistrikt

Politimesteren

Politiet har i samarbeid med dei berørte kommunane oppretta 3 fjellredningsgrupper i Setesdal driftseining:

- Åseral fjellredningsgruppe, 15 mann
- Valle fjellredningsgruppe, 8 mann
- Bykle og Hovden fjellredningsgruppe, 10 mann

De to førstnemnte gruppene har ingen formell organisasjon, men består av frivillige med ein leiar som sjølv planlegg og organiserer si øvingsverksemd og beredskap, men i dialog med politiet. Sistnemnde gruppe er i ferd med å bli ein del av Setesdal Brannvesen, sidan dei opp mot oppdragsmengde og beredskap har et tilsetningsforhold i kommunen.

Politiet i Setesdal har i tillegg samarbeid med frivillige organisasjoner som i periodar har beredskap i distriktet, primært knytt til vinterdestinasjonar. I hovedsak er det Røde kors frå Kristiansand, Søgne, Mandal, Songdalen samt Nedre Setesdal Røde Kors som utgjer våre samarbeidspartnarar.

I tillegg har Hjelmeland Røde Kors og Rovernes beredskapsgruppe frå Rogaland hatt ein beredskap på Turistforeninga sine hytter ved Storsteinen og Vassdalstjønn i påske og vinterferie. De to sistnemnte hyttene ligg inne i verneområdet, og er geografisk plassert heilt vest i Bykle kommune, slik at tilkomsten er enklast frå Rogaland. Særlig ved vanskelige værforhold kan tilkomsten frå Setesdal her vere vanskelig. Ved nokre få høve har denne beredskapen vore nyttig ved redningsoperasjonar.

Behovet for øvingsverksemd og beredskap i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Politiet er einige med sekretariatet i at ut frå verneforskrifta og intensjonen i denne, er det ønskelig å redusere motorisert ferdslle i verneområdet mest mogleg, også når det gjeld øvingsverksemd i redningstenesta. Øvingsverksmd som ikkje er knytt til geografiske område, slik som oppkering med snøskuter, skredøvingar osv skal ikkje gå føre seg i verneområdet.

Det vil likevel vere behov for noko øvingsverksemd også i verneområdet, knytt til kjentmannsturar, vurdering av sikringstiltak, skredfare osv. Det vil f.eks vere ønskelig at mannskap som skal inn i eit område i dårlig ver/dårlig sikt har vore der same sesong og gjort seg kjent med snøtilhøva og anna som kan forandre seg fleire gonger i løpet av sesongen. Mannskapa sin tryggleik blir betre om dei har ferskast mogleg kunnskap om tilhøva i det aktuelle området.

Beredskap i verneområdet

Ut frå erfaring og informasjon om trafikkgrunnlaget i området Storsteinen/Vassdalstjønn, meiner politiet det ikkje er behov for ståande beredskap i dette området, sjølv om det i gitte situasjonar utan tvil kan være ein fordel.

Øvingsverksemd i verneområdet i regi av politiet

På same måte meiner politiet at de omtalte lokale fjellredningsgruppene i praksis utgjer den beste beredskapen i sine område, sidan dei er til stades heile året, og ikkje berre i helger og feriar slik de frivillige organisasjonane er. Det er derfor tilstrekkelig at desse lokale gruppene

driv øvingsverksemd i form av kjentmannsturar osv. inne i verneområdet, så kan dei frivillige organisasjonane frå Røde Kors m.fl. ha fokus på område utanfor verneområdet.

Når det gjeld omfanget av øvingsverksemda, må ein ta omsyn til at delar av formålet med øvingsverksemda er knytt til innhenting av informasjon og vurderingar som er ferskvare, samt at det må takast omsyn til kva tider på året beredskapen bør være høgast. Ut frå disse vurderingane har politiet i Setesdal i fleire år hatt som siktemål at kvar fjellredningsgruppe bør gjennomføre 2 kjentmannsturar/øvingar i dei aktuelle delane av verneområdet i løpet av vintersesongen, og då slik at den første øvinga gjennomførast så nær opp mot vinterferien som mogleg, mens den andre gjennomførast så nær opp mot påske som mogleg. Dette har gruppene søkt om og fått løyve til i fleire år, i praksis har det ofte blitt med ei øving ut frå konkrete vurderingar av korleis snøtilhøva har utviklet seg, ver- og føretilhøve, og kor mykje tid mannskapa har kunna avsette til dette.

Politi og representantar frå Statens Naturopsyn (SNO) har i mange tilfelle også vore deltakarar på øvingane. Det har også vore eit krav at fjellredningsgruppene har utarbeidd ein enkel plan for øvinga, sjølv om formålet stort sett er gitt. Det er knytt til å gjere seg kjent med ruter og snøforhold langs Turistforreningsa sitt løypenetts samt å kartlegge tilkomsten til private og andre hytter i nærlieken av løypenetten.

Når det gjeld andre frivillige organisasjonar som ønskjer å drive øvingsverksemd i verneområdet går det fram av rundskriv frå Direktoratet for naturforvaltning av 1.3.99, ref. nr. 99/2396-1AH/AREA at slike søknader skal sendast til forvalningsmyndet via den ansvarlige politimeister.

Politiet vil i samsvar med dette fremje søknad om dispensasjon frå forbodet mot motorferdsle i verneområdet for dei lokale fjellredningsgruppene i Setesdal. Søknaden vil komme som eiga sak frå Setesdal Driftseining.

Med helsing

Sigurd Langeid
Driftsteiningsleiar

Dag Hovden
sakshandsamar

Kopi til:



Arkivsaksnummer: 2023/439

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 14.12.2023

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	35/23	19.12.2023

Vurdering av om klage på vedtak i styresak 45/2023 skal gis oppsetjande verknad

Vedlegg:

- 1 Klage på vedtak - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernombane - Valle 621 - Lognbru - Svinehaugen - Evardalen - oppattføring av støylsbuer - Svenn Magne Brokke

Forvaltar si innstilling

Klaga frå Statsforvalteren i Agder på verneområdestyret for SVR sitt vedtak i styresak 45/2023, blir gitt oppsetjande verknad. Avgjerda er gjort med heimel i forvaltningslovas §42.

Avgjerda grunngjenvast med at staden dei to støylsbuene kan byggast er utan tekniske inngrep, og at ein eventuell oppstart av byggeprosessen vil gje skader på terrenget. Bygginga vil og medføre motorferdsel og aktivitet på staden som kan gje forstyrningar for villreinen som brukar område. Bygginga av støylsbuene bør derfor vente til det er fatta endeleg vedtak i klagesaka.

Det visast og til dei omfattande vurderingane som er gjort i vedtaket og saksutgreiinga til Styresak 45/2023.

Vurdering av om ei klage skal gjevast oppsetjande verknad, blir etter forvaltningslovas §42 ikkje rekna som eit enkeltvedtak. Det er derfor ikkje mogleg å klage på denne avgjerda.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

AU skal i denne saken ta stilling til om klagen skal gis oppsetjande verknad. Sjølve innhaldet i klagen vil bli vurdert i verneområdestyret si førebuande klagehandsaming på første styremøte i 2023.

Viser til klage på vedtak i styresak 45/2023, dagsett 11.12.2023, frå Statsforvalteren i Agder. Klagar ber og om at klagen blir gitt oppsetjande verknad.

Vedtaket det blir klaga på er verneområdestyret for SVR sitt vedtak frå styremøte 14.11.202, kor det i styresak 45/23 vart gitt dispensasjon til oppattbygging av to støylsbuer i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde i Everdalen i Valle kommune.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering har Statsforvalteren i Agder rettsleg klageinteresse etter §28 i forvaltningslova. Klagen vart og framsett innan tre veker etter at vedtaket vart tilgjengeleg på SVR sine nettsider og lagt inn i Miljøvedtaksregisteret. Klagen oppfyller og forvaltningslovas §32 krav til adressat, form og innhold. Det er derfor grunnlag for å vurdere om klagen skal få oppsetjande verknad.

I Forvaltningslovas §42 om oppsetjande verknad av vedtak heiter det mellom anna at:
«Underinstans, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. (...). Anmodninger om utsetting skal avgjøres snarest mulig».

Forvaltningslovas §42 er omtala i fleire rettleiarar, mellom anna Miljødirektoratet sin *Veileder M-106-2014. Rundskriv om forvaltning av verneføreskrifter*. Grunngjevinga for regelen om utsett iverksetjing er mellom anna at klagehandsaminga skal være reell. I nokre høve vil klageretten være utan betydning dersom eit tiltak blir gjennomført før klagehandsaminga er avgjort. Dette er eit omsyn som telja med når oppsetjande verknad vurderast. Vidare må konsekvensane av ei gjennomføring av tiltaket vurderast. Det same gjeld konsekvensane for søker av at gjennomføringa utsetjast. Det kan og være relevant å trekke inn kva som vil være eit sannsynleg resultat av klagehandsaminga.

Vurdering

Det er vanskeleg å si noko sikkert om det endelege resultatet av ei klagehandsaming eller kor lang tid dette vil ta. Om klagen blir sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd, kan ein likevel gå ut frå at saken vil bli avgjort innan vinteren 2025.

Om AU gir klagen oppsetjande verknad vil dette i praksis medføre at eventuell byggestart blir utsett i eit år. Dette vil kunne være ei ulempe for søker, men likevel ei mindre ulempe enn å måtte rive støylsbuene dersom Miljødirektoratet opphevar verneområdestyret sitt vedtak.

Eit anna forhold som talar for å gje klagen oppsetjande verknad er at ei bygging av støylsbuene vil gje skader på terrenget i eit område som er utan tekniske inngrep i dag. Etter ei eventuell riving vil det krevje ein del arbeid og tilbakeføre terrenget og ein del tid før inngrepa ikkje lenger er synlege.

Bygginga av støylsbuene vil medføre ein del motorferdsel og aktivitet som vil kunne verke forstyrrande på villreinen i området. Det same gjeld for ei eventuell riving dersom Miljødirektoratet gjer klagar medhald.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil både ei bygging og ei eventuell riving av støylsbuene ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Samstundes blir ulempene for søker ved ein utsett byggestart vurdert til å være relativt avgrensa.

Det er derfor gode grunnar får å gje klagen frå Statsforvalteren i Agder oppsetjande verknad.



Verneområdestyret for Setesdal Vesthei
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Saksbehandler, innvalgstelefon
Pia Karine Hem Molaug, 37 01 75 35

Postboks 504
4808 ARENDAL

Klage på vedtak av 14.11.2023 - Gjenoppføring av stølsbuer på gnr/bnr. 62/1, Evardalen i Valle kommune - SVR landskapsvernombord

Vi viser til oversendelse av vedtak av 14.11.2023, utvalgssak 45/23, mottatt den 23.11.2023.

Statsforvalteren i Agder påklager herved, med hjemmel i lov om forvaltning av naturens mangfold § 62 tredje ledd, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernombord sitt vedtak av 14.11.2023, utvalgssak 45/23. Vedtaket kreves omgjort slik at søknaden om gjenoppføring av to stølsbuer på gnr/bnr. 62/1 i Valle kommune avslås.

Vedtaket påklages da tiltakene er i konflikt med nasjonale og regionale villreininteresser i området, og er i strid med retningslinjer knyttet til nasjonalt villreinområde, gitt i kommuneplanen og Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

Bakgrunn

Svenn Magne Brokk har søkt om gjenoppføring av to stølsbuer, á 30 m² BYA, på gnr/bnr. 62/1 i Valle kommune; herunder én på Svinehaugen og én på Lognbru i Evardalen.

Verneområdeforvalter innstilte på å avslå søknaden. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernombord (verneområdestyret for SVR) fattet den 14.11.2023 følgende vedtak (med 7 mot 4 stemmer), utvalgssak 45/23:

«Med heimel i forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord kap. 4 punkt 1.3 b), får Svenn Magne Brokk løye til å oppattbygge to stølsbygg på Svinehaugen og Lognbru. Utforming og størrelse skal skje i samråd med fylkeskonservator, gnr. 62, bnr. 1 i Everdalen, Valle kommune.»



Juridisk grunnlag

